



# Kvernhusvika friluftsområde

## Friluftsområder i Lindås

Som i resten av Nordhordland er kommunen delt opp av fjordar og vågar. Lindåspollane er vide kjent, og elles kan Lindås kommune skilta med den nordlegaste bøkeskogen i verda. Som elles i regionen er lyngheiane eit viktig trekk i kulturlandskapsbiletet. Lindås er vertskommune for lyngheisenteret som er etablert på Lygra i Lindås. I nordaustre delen - i fjellet mot grensa til Masfjorden - er det store og velkjente regionale turområde

## Allemannsrettane


Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdist i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjergarden – og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 - 20.8 og når det er sau på beite. Ver varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9.

Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark og på Friluftsrådets områder, inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.


**Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

**Innmark** er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.



## Andre Friluftsområder i Bergensregionen

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv dei fleste bade og friluftsområda i Bergensregionen. I Lindås kommune er BOF ansvarleg for fleire friluftsområde i tilknytning til sjø.



## Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som driv nærare 170 friluftsområder i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden.

Er du interessert i å vite meir kan du kontakte:

Bergen og Omland Friluftsråd  
Hellebakken 45, 5039 Bergen

Tlf. 55 39 29 50

Faks. 55 39 29 59

E-post: Firmapost@bof.no

Nettsider: www.bof.no